



Beiteplanlegging i utmark

Forfatter

Yngve Rekdal, Norsk institutt for skog og landskap

Sammendrag

Beiting i utmark er den mest arealkrevjande næringa vi har i landbruket. I 2009 vart over 30% av landet bruka av 894 beitelag. Desse organiserte 78% av sauene og 29% av storfeet som beita i utmark. Skogbruket kan kanskje konkurrere med tanke på arealkrav, men medan det går 60-80 år mellom kvar gong skogen blir hogd, så haustar beitenæringa areala kvart år. Samla verdi av hausta beite er vel 1 milliard kroner per år.

Publisert

2011

Referanse

Sau og Geit 2/2011

Utskriftsdato

31.07.2021 www.fag.nsg.no

Beiteplanlegging i utmark

Beiting i utmark er den mest arealkrevjande næringa vi har i landbruket. I 2009 vart over 30% av landet bruka av 894 beitelag. Desse organiserte 78% av sauene og 29% av storfeet som beita i utmark.

Skogbruket kan kanskje konkurrere med tanke på arealkrav, men medan det går 60-80 år mellom kvar gong skogen blir hogd, så haustar beitenæringa areala kvart år. Samla verdi av hausta beite er vel 1 milliard kroner per år.

Må engasjera seg i offentlege planprosessar

Beitenæringa er avhengig av tilgang til store areal. Næringa må derfor vera til stades i offentlege planprosessar og

plandokument der arealbruk blir omhandla. Arealplanlegging handlar mykje om avveging av ulike interesser for størst muleg samla nytte av arealbruken. Det er mange brukarinteresser i utmarka. Skal næringa halde posisjonen sin her er det viktig å vera synleg. Synleggjering oppnår ein ved dokumentasjon av interesser, aktiv deltaking i planprosessar og ved å drive arealbruk ut frå god kunnskap om kva som er god naturforvaltning på lang sikt.

Beiteplanlegging er også viktig

For næringa er det også viktig å drive beiteplanlegging for å få mest muleg ut av utmarksbruken i form av kjøt, mjølk og ull. Også kulturlandskap er eit viktig produkt frå landbruket som storsamfunnet set som vilkår for å halde fram med overføringar. Effektiv

produksjon av kulturlandskap krev at rett tiltak blir sett i gang på rett areal.

Det vil vera behov for beiteplanlegging på tre nivå; fylke, kommune og beitelag.

Fylke

Fylket er det vi kan kalle det geografiske handlingsrommet for beitenæringa på grunn av at det er vanskeleg å få flytte dyr over fylkesgrenser. Mykje økonomiske middel blir fordelt på fylkesnivå gjennom ulike program som RMP (Regionalt miljøprogram) og SMIL (Spesielle miljøtiltak i landbruket). Rovdyrpolitikk følgjer mykje fylkesgrenser, og strategiar med omsyn til sjukdom blir utforma på fylkesnivå.

Planer på fylkesnivå bør innehalde:

- Status for næringa med oversikt



Beitenæringa må hevde rett til dei beste beiteareala. Det er nok av «skrapareal» i norsk utmark til å bygge hytter på. Fotoet viser hytter i beste beitemarka på Kvamsfjellet i Nord-Fron.

over organisering i beitelag, dyretal, beitetrykk og kvar dyra høyrer heime.

- Oversikt over konflikter med andre arealbrukarar, rovdyrstiasjonen og sjukdomsproblem.
- Grøv oversikt over ressurspotensialet.

Kommune

Det er gjennom dei kommunale planprosessane at mykje av arealbruken i norsk utmark blir avgjort. Her må derfor beitenæringa vera til stades. Det er ikkje store verdiar per dekar som næringa haustar kvart år, derfor er det vanskeleg å hevde næringa sine interesser i høve til andre arealbrukarar når det handlar om kanskje 1 mill. kroner i tomtepris per dekar. Når det blir fremma utbyggingsplaner frå utbyggjar, er det derfor ofte allereie for seint. Derfor må næringa vera på forskot med dokumentasjon av eigne arealinteresser.

Ein kommunal beitebruksplan bør innehalde:

- Oversikt over beitebruken i området, før og no
- Organisering av beitelag
- Verdien/nyten av beitebruken (verdi av hausta fôr, arbeidsplasser, kulturlandskap m.m.)
- Tiltaksplan.

Arbeidet med ein slik plan bør idéelt sett starta som resultat av eit kommunalt vedtak. Som oftast skjer det etter påtrykk frå beitenæringa. Det mest vanlege er at arbeidet med planen blir gjennomført av ei gruppe bestående av næringsinteresser og med kommunen som sekretariat. Planforslaget bør til slutt leggst fram for kommunestyret for endeleg behandling. Mange kommunar med eit visst omfang av husdyrhald og beitedyr i utmark, har etter kvart fått på plass ein beitebruksplan. Omfang og status på planen er noko ulik, men dei fleste har valt å gje den status som kommunedelplan. Dermed blir den med som ein del av kommuneplanen, noko som er av stor betydning for den framtidige bruken av planen.

Bruken og dermed nyten av ein beitebruksplan i ein kommune vil variere med ulike tilhøve, så som haldning hos politikarar og administrasjon i kommunen og engasjement/oppfølging frå beitenæringa si side.

Planen vil kunne vera av stor verdi med omsyn til utnyttinga av beiteressursane i utmarka framover og for velferden til husdyra i beitesesongen. På same tid vil ein gjennom betre planlegging av og informasjon om beitebruken kunne bidra til ei betre samla utnytting av utmarksressursane og redusere konfliktene mellom ulike brukargrupper. Erfaringar frå kommunar med beitebruksplan, er at dette er eit svært nyttig styringsredskap til felles beste for alle involverte partar når det blir teke i bruk. Det har vist seg at det ofte tek noko tid før så skjer. Næringa har sjølv eit ansvar for oppfølging på dette punktet.

Beitelag

Det kan sjå ut som om beitenæring i framtida i større grad vil foregå i organiserte felleshamner der tilhøva blir lagt til rette for beitenæring. Planlegging i regi av beitelaget kan vera eit godt tiltak for å få mest muleg ut av beitebruken. Styrande myndigheiter sett stor pris på dokumentasjon som viser at beitebruken er planlagt. Det er mykje lettare å få ut middel til spesielle tiltak når ein har overordna planar å vise til.

Det er viktig å planlegge beitebruken for å få tilpassa dyretal og eventuelt dyreslag som er optimalt i høve til kjøtproduksjon og som på same tid gjev høgt nok beitetrykk til å ta vare på kvalitetane i beitet. Jamn fordeling av beitedyra er viktig. Salte plassar kan styre mykje av beitebruken. Ulike delar av beitet kan ha ulik funksjon til ulike tider i sesongen – vårbeite, sommarbeite og haustbeite. Dette må ein ta omsyn til for å få ei samla god utnytting av beitet.

Utmarksbeite blir ofte kalla ein gratisressurs. Det er ein påstand med atterhald. Mange investeringar kan vera naudsynte for å gjera bruken av utmarksbeite rasjonell samt å redusere risikoen for skade på og tap av dyr. Her kan nemnast gjetarhytter, bruer, samlekever og ikkje minst sperregjerde. Mangelfullt vedlikehald av gjerder mot utmark er eit av dei største problema i



Samla areal bruka av beitelag i 2009.

samband med beiting i utmark i dag. Sperregjerde kan områdevis vera ei løysing for å halde dyra i riktig område. Gjerde er ei stor investering, og ein må derfor legge vekt på å finne gode traséar med tanke på oppsett og vedlikehald.

Eit beite må skjøttast skal ein behalde planteproduksjonen og grasriksdomen som tidlegare tidars hardare utmarkshausting har gjeve. Tilstrekkelig høgt beitetrykk er viktig. Det er oftast nødvendig også med manuelle skjøtselstiltak som til dømes tynning av skog. Dette er kostbare tiltak og må settast inn på dei areal der ein får mest att for innsatsen.

Oppretting av nye beitelag byr på store utfordringar med omsyn til organisering. Her må det avklarast og gjerast klare avtalar med omsyn til bruks- og eigedomsrettar. Arealkonflikter i høve til andre arealbrukarar må òg identifiserast. Også innafør beitenæringa kan det vera ulike interesser t.d. mellom sau, mjølkeproduksjon frå setrer, ammekyr osv. Kunnskap om ressursgrunnlaget er viktig på beitelagsnivå både for berekning av dyretal og planlegging av beitebruk. Der investeringar skal gjerast, er det viktig å avklare om området har ressursar som forsvarar dette.

Text og foto: Yngve Rekdal og Erling Skurdal